

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 19.05.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Haldis Lier

SAKA GJELD: **Status prosjekt for Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan(2016 - 2019)**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 030/16

STYREMØTE: 26.05.16.16

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

.....

Nasjonal helse- og sjukehusplan er ein viktig del av regjeringa sitt arbeid for å skape pasienten si helseteneste. Planen gir brei omtale av lokalsjukehusa si rolle i helsetenesta i kapittel 12: *Bedre oppgavedeling og samarbeid mellom sjukehus.*

Helse Vest har oppretta eit utviklingsprosjekt for Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse og sjukehusplan.

Mål for prosjektet er å finne løysingar som sikrar eit framtidsretta og trygt tenestetilbod, med god fagleg kvalitet og pasienttryggleik, samtidig som ein sikrar effektiv ressursutnytting innanfor dei økonomiske rammer som gjeld for helseføretaket.

Prosjektet er eigd av Helse Vest RHF. Prosjekteigar er administrerende direktør i Helse Vest RHF og administrerende direktør Helse Fonna HF. Prosjektet er organisert med ei prosjektgruppe for Stord sjukehus og ei prosjektgruppe for Odda sjukehus. Begge prosjektgruppene har same mandat. Prosjektgruppene er leia av Helge Bryne og har følgjande deltaking: tre representantar frå Helse Fonna, tre representantar frå kommunane, ein representant frå vernetenesta, to representantar frå dei tillitsvalde, ein brukarrepresentant og to representantar frå Helse Vest RHF.

Det har vore to møter i begge prosjektgruppene, siste møte i prosjektgruppene er planlagt til 30. og 31.mai 2016.

Prosjektet har henta bakgrunnsinformasjon om pasientstømmar i føretaket, etablert oppgåvedeling og fagleg samarbeid til dømes om tilvisingar og ventelister og organisering av dei to sjukehusa.

Prosjektgruppa vil gi tilrådingar når det gjeld samarbeid innafor fagområde ved dei tre sjukehusa i føretaket, til dømes mottak av tilvisingar, ventelister og faglege retningsliner, kva tilbod sjukehusa skal handsame spesielt med tanke på akutt kirurgisk verksemd og tiltak med mål at innbyggjarane vel å få behandling ved sitt lokal sjukehus, til dømes sikre god informasjon om tilbod og kvalitet.